

Tambarskjelvar IL – Styremøte 5 2021

Til stades: Anne Sofie, Runar, Sigrid, Pål Arve, Siss-May

Fråver: Janne, Anne Karin

Saksnr	Tema	Vedtak
14/2021	<p>Søknad om midlar til sesongavslutning frå fotballaget g10/11. Dette gjeld då 17 deltakarar som har vore med gjennom sesongen.</p> <p>Tanken er å få til pizza og 2 runder bowling. Med eit budsjett per hode på rundt 300,-, søker vi dermed om 5100kr.</p> <p>Mvh Mari Slagstad Aamot Lagleiar g10/11</p>	<p>Innvilga stønad til sosialt tiltak til maksimalt 5100,- kroner.</p> <p>Kontonummer til overføring av beløp sendast til Anne Sofie (annesofie@dampbakeriet.no).</p> <p>Vi ber om at de sender kopi av kvittering til Anne Sofie i etterkant av arrangementet.</p>
15/2021	<p>Søknad om støtte til sosial samankomst for G15/17.</p> <p>Søker med dette om støtte til ein sosial samankomst med laget etter endt sesong. Begge trenarane skal gje seg etter 10 år som trenarar for laget og ønsker å ha ein hyggeleg avslutning med laget i samband med dette. Vi har ein siste cup saman, Førde Cup, 12.-14.november.</p> <p>Vi søker om 300 kr per person. Vi er 17 spelarar og 3 vaksne, totalt 20 personar. Aktivitet er å gå ut for å ete pizza.</p> <p>Håper på eit positivt svar.</p> <p>Helsing Roger Edvardsen og Geir Personbråten.</p>	<p>Innvilga stønad til sosialt tiltak til maksimalt 6000,- kroner.</p> <p>Kontonummer til overføring av beløp sendast til Anne Sofie (annesofie@dampbakeriet.no).</p> <p>Vi ber om at de sender kopi av kvittering til Anne Sofie i etterkant av arrangementet.</p>
16/2021	<p>Spørsmål frå styremedlem i Vektløftargruppa om gruppene i Tambarskjelvar idrettslag kan inngå avtale om å betale trenar/andre utgifter, utan at hovudlaget har fått saka til handsaming.</p> <p>Styret har vidaresendt spørsmålet til Vestland idrettskrets og fått følgjande svar:</p>	

	<p>I NIFs lovnorm for idrettslag § 23 Grupper (3) står følgende: «Gruppestyret eller representanter for gruppen kan ikke inngå avtaler eller på annen måte forplikte idrettslaget uten fullmakt fra hovedstyret».</p> <p>NIF har utarbeidet en kommentarutgave til lovnormene. Her finner vi følgende merknad til § 23 (3) <i>Merknad til (3): Et gruppestyre eller representanter for gruppen har som hovedregel ikke fullmakt til å inngå avtaler eller på annen måte binde idrettslaget rettslig. Dersom gruppestyret eller representanter for gruppen skal kunne inngå egne avtaler må denne retten utledes fra fullmakt fra årsmøtet eller styret. Begrunnelsen for denne bestemmelsen er at det er hovedstyret som er høyeste myndighet mellom årsmøtene, og at det er styret som har ansvaret for idrettslagets virksomhet i denne perioden.</i></p> <p>Det er også slik at selv om årsmøtet har vedtatt budsjett for idrettslagets forskjellige grupper, er det idrettslagets styre som skal påse at idrettslagets midler brukes og forvaltes på en forsiktig måte i samsvar med de vedtak som er fattet på årsmøtet. Styret skal også sørge for at idrettslaget har en forsvarlig økonomistyring. Dette er utdrag fra § 22 Idrettslagets styre (2) b).</p> <p>I Tambar skjelvar IL er slik fullmakt ikkje delegert til gruppene. Tambar skjelvar IL sitt hovudstyre skal difor godkjenne slike avtalar. Ei ev godkjenning vil inngå som ein dokumentasjon av kostnadene i rekneskapen.</p>	
17/2021	Førespurnad frå Eikefjord IL om møte og orientering om Allidrett i Tambar skjelvar.	Vi møter Eikefjord IL 16.november kl 19:30 på møterommet i Hallen og orienterer litt om Allidretten i Tambar skjelvar IL. Dette vert direkte etter møtet mellom gruppene og hovudstyret 16.november 18:30.
18/2021	Diverse: Naustdalshallen: Vi har opplevd uklare retningslinjer i høve bruk av hallen og vakthald no i haust. Årshjul	Siss-May avklarar med kommunen. Oppdatert kontaktinformasjon og tilbod frå kvar gruppe innan ein viss dato kvart år. Drøfte på neste møte med gruppene. Leiger Rein Design til oppdraget. Sigrid tek ansvar.

	<p>Informasjon om aktivitetane i Idrettslaget («Flyer»). Kort informasjon om treningstilbod. Også reklamere for at personar kan bidra, ta kontakt med styret. Saknar du ein aktivitet som du kan tenke deg å starte opp med, ta kontakt med styret.</p> <p>Open hall - Kople til Naustdalshallen 20 år!</p> <p>Avtalen med Sport1 - Kle til gruppene.</p>	<p>Drøfte dato og opplegg med gruppene på neste møte.</p> <p>Drøfte på neste møte med gruppene.</p>
<p>19/2021 Saka er kome frå Sunnfjord idrettsråd</p>	<p>Kommuneplanen, samfunnsdelen er ute på høyring med frist 14. november. https://sunnfjord.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-eigedom/areal-og-byggesak/arealplanlegging/kunngjeringar/hoyring-av-kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2021-2030.20125.aspx Vedlagt ligg eit utkast til høyringsuttale (sjå bak i referatet). Idrettsrådet ber om at eventuelle synspunkt eller forslag til uttale blir sent til Idrettsrådet innan fredag 12. november.</p> <p>Mvh Jan Herstad, leiar i Sunnfjord Idrettsråd</p>	<p>Tambarskjelvar støttar uttalen frå Sunnfjord idrettsråd. Ein bør likevel vere varsom med å trekke fram enkeltidrettar.</p> <p>Tambarskjelvar IL ynskjer at det vert føyd til at idretten har utfordringar med rekruttering, både av utøvarar og trenarar. Sunnfjord kommune bør engasjere seg i denne utfordringa med etablering av ein handlingsplan basert på kommuneplanen.</p>
<p>Orienteringssaker</p>	<p>Etablert plating på baksida av Speakerbua. Hovudlaget tok rekninga.</p> <p>Hol i garasjeport lager – skuleungane går inn. Det er bestilt reparasjon.</p>	
<p>Eventuelt</p>	<p>Neste møte med gruppene: 16.november kl 18:30 på møterommet i Hallen.</p>	

Vedlegg

Sak 19/2021

Høyring kommuneplanen, Samfunnsdelen, innspel frå Sunnfjord Idrettsråd.

Etter Sunnfjord Idrettsråd sitt syn innehelde høyringutkastet til kommuneplan, samfunnsdelen svært lite ambisjonar om idrett.

Sunnfjord kommune har eit stort og breitt spekter av idrettstilbod og anlegg i heile kommunen. Med utøvarar på både nasjonalt og internasjonalt nivå.

Breidde idretten er omfattande og er eit svært viktig bidrag i folkehelsearbeid og til innbyggerane sine fritidsaktivitetar der dei bur.

Sunnfjord Kommunen må ha som mål å vere ein av landets leiande idrettskommunar for utvikling av idrettsutøvarar, og som arrangør av nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Der det blir satsa på både breiddeidrett og toppidrett. For å nå eit slikt mål må det satsast på kompetanseheving og anleggsarenaer som stettar krava til slike arrangement.

Store idrettsarrangement har positive ringverknader for både handel- og næringsliv. Det utviklar arrangørkompetansen til idrettslaga og hevar sjølvbilde til innbyggerane. Samtidig som det stimulerer dugnadsanda til samhandling mellom ulike aktørar i heile kommunen.

Både i vektløfting, volleyball, ski-og alpint, friidrett, orientering og fotball har Sunnfjord utøvarar på toppnivå og arrangørkompetanse til å gå i front for å bli ein av landets fremste idrettskommunar.